

LØYSINGSFORSLAG – Test deg sjølv – ENTREPRENØRSKAP

Læreboka side 40	1
------------------------	---

Læreboka side 40**1 Kva er ei gruppe?**

Ei *gruppe* består av to eller fleire personar som kommuniserer og/eller gjer noko saman, og som oppfattar seg som ei gruppe. Vi er med i ulike grupper både privat og på arbeid.

2 Kva er ei norm?

Ei *norm* er ein regel for åtferd som har utvikla seg over tid, og som er forankra i dei verdiane eit samfunn byggjer på. På skolen og arbeidsplassen utviklar det seg gjerne reglar for skikk og bruk eller normer. Det er uformelle reglar som gjeld det daglege samarbeidet for eksempel i skolesamfunnet.

Vi skil mellom uformelle normer og formelle normer. *Uformelle normer* er uskrivne reglar som seier kva som er skikk og bruk og rett og gale. Reglane har nære band til kultur og religion. Reglar for skikk og bruk seier korleis vi skal oppføre oss i kvardag og fest. Moralreglane seier kva vi bør gjere – om ei *handling* er moralsk eller umoralsk. Tjuveri, utruskap og løgn er forkasteleg i dei fleste kulturar.

Formelle normer er lovreglar som kan gi rettar og plikter, forbod og påbod. Ein 15-åring har rett til å velje utdanning, du kan krevje ein skriftleg arbeidsavtale, og ungdom over 15 år kan bruke pengar dei har tent sjølv. I eit arbeidsforhold har du arbeidsplicht. Lovreglar skil seg frå uformelle normer ved at samfunnet kan bruke makt for å få folk til å følgje dei.

3 Kva er ein sanksjon?

Sanksjonar er reaksjonar på brot med gjeldande normer. Vi kan tilpasse oss normene eller la vere. I begge tilfelle blir vi møtte av reaksjonar frå omgivnadene. Ros forsterkar positiv åtferd, mens ris skal korrigere åtferd vi ikkje ønskjer. Sidan trusselen om ris og løfte om ros styrer åtferda vår, kallar vi det sosial kontroll.

4 Kva vil det seie å «bryte isen»?

I ei gruppe der medlemmene ikkje kjenner kvarandre, vil det vere ei sosial spenning. Derfor er medlemmene både tilbakehaldne og forsiktige overfor kvarandre. Leiaren i ei gruppe må raskt «bryte isen» for å redusere spenningsnivået og få medlemmene til å slappe av.

5 Kva vil det seie å vere sosialisert?

Vi er sosialiserte når vi er i stand til å tilpasse oss verdiar, normer og ferdigheiter som er nødvendige for å kunne fungere i eit samfunn. Frå dag éin har vi alle med små steg lært å samhandle og erfare kva som er akseptabel framferd, tilpassa oss krava, funne oss til rette og blitt ein del av samfunnet. Ei slik tilpassing går føre seg heile livet. Vi seier at når kvardagsnormene er ein del av oss, er dei *internaliserte*. Det tyder ikkje blind lydnad, men at sosialiseringa også skal gi rom for refleksjon, meistring og eigenutvikling. Personleg identitet blir skapt gjennom sosialisering, egne erfaringar og andres reaksjonar.

6 Nemn dei fire fasane i ei arbeidsgruppe.

Dei fire fasane ei arbeidsgruppe må gjennom, er igangsetjingsfasen, konfliktfasen, fellesskapsfasen og problemløysingsfasen.

7 Kva kjenneteiknar ei god arbeidsgruppe?

Her er nokre kjenneteikn på gode arbeidsgrupper:

Alle eller dei fleste godtek oppgåva og opplever ho som spennande, og gruppa har den faglege og sosiale kompetansen som skal til. Gruppa bruker tid på å drøfte oppgåva, og det er ein uformell og positiv atmosfære som gjer at alle synspunkta kjem fram. Alle lyttar og gir kvarandre omtanke og anerkjenning. Konstruktiv kritikk finst, og leiaren gir rom for at andre også kan fylle leiarrolla. Gruppa er sjølvkritisk overfor sin eigen måte å arbeide på, og dei vurderer med jamne mellomrom korleis effektiviteten og samspelet kan forbetrast.

8 Korleis kan ein utvikle arbeidsgrupper?

Desse momenta er viktige når ein skal utvikle gode arbeidsgrupper:

Måla må vere klare – arbeidsgruppa må vite kva ho skal gjere.

Det må vere gode arbeidsrutinar – gruppa må bli einig om korleis ho skal jobbe m.m.

Alle må vere med – ingen skal dominere arbeidet – alle må ta ansvar og bidra.

Det er viktig at alle synspunkta kjem fram – unngå at nokon berre «jattar med»

Varier arbeidsmåtane – ein må vurdere arbeidsmetodane jamt.